

# PROSJEKTPLAN

Hovudprosjekt

Pendling – Stressless - Bulyst

v/ bygdeutviklingslaget Nye Bremanger



**Visjon:**

***Tilrettelagt bumiljø for born og vaksne, slik at også  
jobbpendling gjev ein "stressless" kvardag for familien.***



## 1. MÅL OG RAMMER

### 1.1 Bakgrunn

Vi har eit svært godt kultur og idrettsliv i ytre Bremanger. Men bygda har for få arbeidsplassar og derfor låg tilflytting. Men dei som har flytta tilbake til bygda gjev tilbakemelding om at nettverk og den sosiale trivselen i kulturdeltaking betyr mykje. Arrangement som "Cirkus Bremanger" er eit vellukka eksempel på omdømebygging, samhold og trivsel. Spesielt kjekt er det å vise til arrangementet så lenge det vart løyyst 1200 billetter til arrangementet – i ein kommune med mindre enn 4000 innbyggjarar.

Mange pendlar i dag til Florø og Svelgen. Men bu miljøet er ikkje spesielt tilrettelagt for pendlarane. Dermed vert familiar med små born fanga av stress/tidsklemma mellom jobb/reisetid/oppfølging av born - trening, kulturtimar/matlaging og vaksenliv.

For utflytt ungdom og småborns foreldre er det ikkje attraktivt å vende heim til eit pendlarliv som ikkje er tilrettelagt for eit positivt bu miljø.

#### 1.1.1 Moglegheiter

Fjordbasen ved Florø er i sterk vekst. Reisetida kvar veg er på 45 minutt. Derfor ser vi på tilrettelagt pendling for bu miljøet som ein god moglegheit til å skaffe arbeid for ungdom som ønskjer å busette seg i heimbygda. Men då må ein satse på ei god tilrettelegging av bu miljøet tll glede for *liten og stor*.

Ved tilrettelagt pendling for småborns foreldre slik at dei ikkje kjem i tidsklemma, vil jobbmoglegheiter utanfor kommunen vere interessant og dermed ein måte å kome tilbake til heimbygda. Auka behov for arbeidsplassar i pleie og omsorg gjer til at det i framtid vert lettare å skaffe jobb til begge foreldra.

I tillegg gjer internett det mogleg for nokre yrke å ha heimekontor nokre dagar i veka.

Vi har også lange tradisjonar i utvikling og gjennomføring av kulturarrangement. Store kulturarrangement vert halde anna kvar år. Mellomåret går med til planlegging og øving i eit sosialt triveleg miljø. Her inkluderer vi alle som ønskjer å delta.



### 1.1.3 utfordringar

Våre viktigaste utfordringar er:

- Unngå tidsklemma
  - Barnehage / SFO open frå kl. 07.00 til kl. 17.30 eller alternativ løysing
    - Born under 12 år skal vere ferdig med trim/kultur innan kl. 17.30
    - Borna må få eit mellommåltid kl. 14.30
  - Skulen må gje leksehjelp slik at leksene vert gjort på skulen
  - Idrett/kultur: Aktivitetane vert tilrettelagt av kulturskulen i samarbeid med idrettslag og frivillige foreldre, mellom kl. 15.00 og 17.30
  - Pendling: tilrettelagte pendlarrute til Florø, Måløy og Svelgen

Vi i ytre Bremanger må marknadsføre oss langt betre. Vi må synleggjere våre inkluderande kulturarrangement til ungdom som ønskjer å flytte til ytre Bremanger. For vi veit at vi er dyktige, inkluderande og positive. Dette er kvalitetar som vi ønskjer å formidle til småborns foreldre som tenkjer å etablere seg i ytre Bremanger.

Utfordringane kan berre løysast gjennom stor grad av samhandling mellom det offentlege, frivillige lag og organisasjonar, privat næringsliv og privatpersonar.

## 1.2 Målsetting

Utvikle ein modell for tilrettelagt bu miljø der foreldre med små born unngår tidsklemma og liten og stor får dyrke det positive og trivelege i familielivet.


Bruken av kulturarrangement vert eit viktig verktøy til å skape inkluderande miljø for fastbuande og tilflyttarar. Kultur skal nyttast i omdømmebygging, rekruttering og marknadsføring av vår unike modell for bu miljø.



### 1.2.1 Modell

Stikkordet for å løyse utfordringane vi står overfor er samhandling på tvers av privat næringsliv, frivillige lag og organisasjonar, privatpersonar og offentleg sektor. Modellen er visualisert på neste side.

## Samhandling





### 1.3 Rammer

Hovudprosjektet skal gjennomførast i ein 3 års periode: 01.08 2012 – 31.12 2014

Kostnadsramma for prosjektet totalt er: kr 2 400 000,-

## 2 OMFANG

### 2.1 Oppgåveomfang / avgrensingar

Følgjande hovudaktivitetar skal gjennomførast i hovudprosjektet:

HA-01 Prosjektadministrasjon

HA-02 Tilrettelagt opplegg Barnehage / SFO for jobbpendling

HA-03 Tilrettelagt opplegg Kultur og leksehjelp

HA-04 Etablere pendlarrute til Fjordbase ved Florø og Florø sentrum

HA-05 Tilrettelagt kulturtilbod og Fysisk trening for born mellom kl. 15.00 og 17.30

HA-06 Kulturarrangement som Marknadsføring og omdømmebygging

HA-07 Rekruttering

Hjelp til å skaffe arbeid for begge foreldre

Hjelp til å få borna inn i vårt tilrettelagde bumiljø.

## 3 PROSJEKTORGANISERING

### 3.1 Ansvarsområde

Status i prosjekt	Selskap / person
Oppdragsgjevar	Bygdeutviklingslaget Nye Bremanger
Prosjektansvarleg	Steinar Ryland
Prosjektleiar	100% stilling – komb. idrettslag / kulturarrangement
Styringsgruppe	Jan Torvanger, Økonomisenteret AS Grete Berntzen, leiar kulturskulen Anette Igland, nestleiar Bremanger IL Ann Kristin Førde, tillitsvald Bremanger kommune Anita Solbakken Nygård, styrerep. Bygdeutv.laget Espen Frøysland, Bremanger kommune



Andre ressursar

andre lokale ressursgrupper

---

## **4 BESLUTNINGSPUNKT OG OPPFØLGING**

### **4.1 Hovudinndeling av prosjektet**

HA- 02, 03, 04 og 05 vert gjennomført som tiltak under PL. HA- 06 og 07 vert gjennomført som eigne delprosjekt underlagt PL, men då som PA.

### **4.2 Krav til statusmøte og beslutningspunkt**

Det er stilt krav om 4 statusmøte pr år for hovudprosjekt og kvart delprosjekt. Hovudprosjektet vert følgt opp med fastsette beslutningspunkt møte. Det er definert 2 milepælar i første året av prosjektet.

### **4.3 Beslutningspunkt møter (BPM)**

Beslutningspunkt møta vert halde slik:

## **5 RISIKOANALYSE**

### **5.1 Kritiske suksessfaktorar**

Følgjande faktorar vert vurdert som kritisk med omsyn til ei vellukka gjennomføring av hovudprosjektet:

- At prosjektleiing og lokale ressurspersonar set av tilstrekkeleg tid til å gjennomføre hovudprosjektet som planlagt.
- At nøkkelpersonale i prosjektet er motivert for deltakinga
- At Bremanger kommune har politisk og økonomisk handlekraft som aktiv tilretteleggar i prosjektet





## 5.2 Kvalitetssikring

### 5.2.1 Organisering av kvalitetssikring

Prosjektet skal organiserast etter PLP metoden og vil følgje PLP sine rutinar for kvalitetssikring.

### 5.2.2 Kvalitetssikring av den kritiske suksessfaktoren

Deltakarane i hovudprosjektet er godt motivert for arbeidet. Dei fleste har vore aktive i forprosjektet ved opprettinga av bygdeutviklingslaget "Nye Bremanger". Fleire av deltakarane pendlar i dag og vil derfor oppnå ein VINN situasjon ved gjennomføring av prosjektet, med positivt resultat. Deltaking og motivasjon er derfor vurdert som høvesvis liten.

For Bremanger kommune vil eit vellukka prosjekt føre til trivsel og tilflytting til kommunen. Politikarane og administrasjonen syner stort engasjement og bidreg aktivt som motivatørar for gjennomføring av prosjektet. Faren for manglande engasjement frå kommunen er derfor vurdert som høvesvis liten.

## 6 GJENNOMFØRING

### 6.1 Hovudaktivitetar

#### HA-01: Planlegging, organisering, styring og oppfølging av prosjektet

Oppgåver	Ansvar
Koordinere og gjennomføre oppgåvene i prosjektplanen	PL
Syte for at framdriftsplanen vert halden	PL
Informere PA og styringsgruppe, referent	PL
Halde kostnadskontroll	PL
Mediekontakt	PA

#### HA-02: Tilrettelagt opplegg Barnehage / SFO for jobbpendling

Oppgåver	Ansvar
Inngå avtale om nye opningstider og innhald	DPL



Inngå avtale om nye opningstider og innhald	DPL
Organisering og bruk av frivillige	DPL
Utarbeide økonomisk modell for utvida opningstid og innhald	DPL
Framlegging for styringsgruppe – hovudprosjekt for godkjenning	PL

### HA-03: Tilrettelagt opplegg kultur og leksehjelp

Oppgaver	Ansvar
Inngå avtale om utvida opningstider for kulturskulen – leksehjelp	DPL
Utvikle alternative løysingar for opplegg kultur og leksehjelp	DPL

### HA-04: Etablere pendlarrute til Fjordbase ved Florø og Florø sentrum

Oppgaver	Ansvar
Inngå avtale med aktuelle bedrifter, kommunen om deltaking	PL
Inngå avtale med transportfirma for ruta	PL
Økonomisk modell og billettprisar	PL

### HA-05: Tilrettelagt kulturtilbod og Fysisk trening for born under 12 år mellom kl. 15.00 og 17.30

Oppgaver	Ansvar
Inngå avtale / opplegg med kulturskulen for tidleg treningstid	DPL
Inngå avtale / opplegg med idrettslag for tidleg treningstider	DPL
Økonomisk modell for tenestene	DPL

### HA-06: Kulturarrangement som Marknadsføring og omdømmebygging

Oppgaver	Ansvar
Utvikle og produsere kulturarrangement som trivselsfaktor	DPL
Utarbeide Marknadsføringsstrategi	DPL
Omdømmebygging med hjelp av kulturarrangement og trivsel	DPL
Mediekontakt	Svein Arild Vatsø

### HA-07: Rekruttering

Oppgaver	Ansvar
Delta på Rekrutteringsmesser	PL / Framtidsfylket
Heim til Påske- og julesamlingar med kulturarrangement	PL
Mentor til å skaffe arbeid for begge foreldre	PL
Mentor til å få borna inn i vårt tilrettelagde bumiljø	PL





## 7 RESSURSBROK OG FRAMDRIFTSPLAN

### 7.1 Framdriftsplan

År 2012

	Aktivitet/månadsnr.	01	02	03	04	05	06	07	08	09	10	11	12
HA-01	Planlegging og organisering												
HA-02	Tilrettelagt Barnehage / SFO for jobbspendl.												
HA-03	Tilrettelagt Kulturskule og leksehjelp												
HA-04	Etablere pendlarrute til Fjordbase og Florø.												
HA-05	Tilrettelagt kulturtilbod og trening u/12 år												
HA-06	Kulturarrangement som marknadsføring												
HA-07	Rekruttering – heim til tilrettelagt bumiljø												
BPM	Beslutningspunktmøte								X				X
SM	Statusmøte								X				X
MP	Milepælar								X				X

Inneverande år vert brukt til å få alle tilbod i bu miljøet på plass. Kulturarrangementet startar planlegging og øving. Første arrangement vert i romjula.

I år 2013 og 2014 er det utprøving av vårt tilrettelagde bumiljø. Marknadsføring og rekruttering vert arbeidd med i desse åra. Planlegging og gjennomføring av ulike slag kulturarrangement vert brukt som lekk i marknadsføring og rekruttering.



## År 2013

	Aktivitet/månadsnr.	01	02	03	04	05	06	07	08	09	10	11	12
HA-01	Planlegging og organisering												
HA-02	Tilrettelagt Barnehage / SFO for jobbspendl.												
HA-03	Tilrettelagt Kulturskule og leksehjelp												
HA-04	Etablere pendlarrute til Fjordbase og Florø.												
HA-05	Tilrettelagt kulturtilbod og trening u/12 år												
HA-06	Kulturarrangement som marknadføring												
HA-07	Rekruttering – heim til tilrettelagt bumiljø												
BPM	Beslutningspunktmøte			X			X			X			X
SM	Statusmøte			X			X			X			X
MP	Milepælar			X			X			X			X

## År 2014

	Aktivitet/månadsnr.	01	02	03	04	05	06	07	08	09	10	11	12
HA-01	Planlegging og organisering												
HA-02	Tilrettelagt Barnehage / SFO for jobbspendl.												
HA-03	Tilrettelagt Kulturskule og leksehjelp												
HA-04	Etablere pendlarrute til Fjordbase og Florø.												
HA-05	Tilrettelagt kulturtilbod og trening u/12 år												
HA-06	Kulturarrangement som marknadføring												
HA-07	Rekruttering – heim til tilrettelagt bumiljø												



BPM	Beslutningspunktmøte			X			X			X			X
SM	Statusmøte			X			X			X			X
MP	Milepælar			X			X			X			X

## 7.2 Ressursbruk

Aktivitet	år 2012	år 2013	år 2014
HA-01 Prosjektadministrasjon	150 000	150 000	150 000
HA-02 Tilrettelagt barnehage og SFO	50 000	50 000	50 000
HA-03 Tilrettelagt Kulturskule og leksehjelp	50 000	50 000	50 000
HA-04 Etablere pendlarrute til Fjordbase og Florø	100 000	0	0
HA-05 Tilrettelagt kulturtilbod og trening u/12 år	100 000	100 000	100 000
HA-06 Kulturarrangement som marknadsføring	200 000	300 000	300 000
HA-07 Rekruttering	50 000	200 000	200 000
<b>SUM Ressursbruk</b>	<b>700 000</b>	<b>850 000</b>	<b>850 000</b>

## 7.3 Finansiering

Kjelde	år 2012	år 2013	år 2014
Eigen innsats a kr 200 pr time	100 000	150 000	150 000
Private midlar	50 000	50 000	50 000
Bremanger kommune	50 000	50 000	50 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	150 000	200 000	200 000
KRD bulyst	350 000	400 000	400 000
<b>SUM Finansiert</b>	<b>700 000</b>	<b>850 000</b>	<b>850 000</b>

